

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
BEM BO JEGGERDESON OG BEN AXON BEM - ON JÆVIT TILD  
Emnenr. 6 Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voll

Emne: Musikkinstrument

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 Mest etter eiga røynsle.

## SVAR

1. Fele.

Dette instrumentet har vore kjent i mi bygd i ~~██████████~~ lang tid. Det vanlege namnet har vore og er: fele, sume sa og seier enno: tysk fele.

Dei einskilde delane har vore kalla: oppåfjøl, ondefjøl, trøsk, hals, gripebrett, strengholder, høkebrøtt, spelhest, skrua, lydpinne, basbjølke, felebøye, felestrengje. Fele låg i ein felestokk. No seier ungdommen felekasse.

2. Ingen kan no seia sikkert kva tid fela kom hit til bygda. Eller ikkje kan nokon seia kvar ho kom frå.

3. Dei veit sikkert at ein "Holsteins- Ola" hadde fele. Han var med i Holstein i slutten av det 18. hundreåret og gjætte på russen. Det er truleg, men ikkje visst at han hadde med fela frå Danmark. Og det er rimeleg å tru at ingen hadde fele her i bygda føre den tida.

I manns minne er det 3-4 mann som har laga feler her i Måndalen. Noko framifrå felemakarar var dei vel ikkje. Men dei laga godt brukbare instrument. To av dei lever enno.

4. Dei felene som har vore laga her, er reint vanlige feler både i form og storleik.

5. Tresortane som har vore brukte, er mest lønn, hegg og gran. Noko er kjøpt, og noko er heimleg vyrke.

6. Når det gjeld arbeidsmåten, er det det å merka at ingen av dei som laga feler her i bygda, er eller var felemakarar av fag. Reiskapa dei brukte, var ikkje laga serskilt for felemakararbeidet. Dei brukte snikkar- og treskjærarambod.

7. På felene brukte dei tarmstrenger som oftast, men metallstrenger vart og brukte. Strengene var kjøpte. Men her har og vore laga strenger, fortelst det. Den nøgne framgangsmåten er det vanskeleg å seia noko visst om.

8. Fela har ikkje vorte brigda sidan ho kom hit til bygda, i allfall ikkje nemnande.

9. Fela vart brukt nett som ho i dei aller fleste høve blir brukt no- Med hoka ned på hokebrettet og med venstre handa under halsen (mellan tumarstotten og peikefingeren). I einskilde høve vart og fela sett mot brystet, men elles vart ho fingra med venstre handa og bogen dregen med høgre.

10. Sjå svar nr. 8.

11. Bei felene som har vore laga her i bygda, har ikkje vore prydde på noko slag vis, så vidt som eg har fått greie på.

12. Nokor ovtru som knyter seg til fela, har eg ikkje hørt om. Det kan kanskje nemnast at i religiøse vekkingstider, vart fela sedd på som eit syndig instrument. Det kom seg vel av at ho vart brukt til å spela på i dansesalen.

13. Her i bygda har ingen vore framifrå til å spela fele. Det var dusinspelemener alle saman.

Når det gjeld dei andre instrumenta somseteør spurt etter, kan eg berre seia at dei har ikkje vore brukte her, når eg tek unna hardingfele, lur, salmodikon og fløyte, og dei instrumenta har heller ikkje vore mykje brukte. Så vidt eg veit här her vore berre ei hardingfele. Salmodikon vart brukt av den gamle lærarinna vår. Fløyte har vore brukt svært lite. Bukkehorn blei dei i på sestrane, men og sume gonger heime. No er det å kalla slutt. Neverlur laga dei for lengre tid sidan, men så vidt eg veit, finst det ingen att no. Korleis desse lurane vart laga, veit eg ikkje så visst.

Bolk B.

1. Av såkalla byinstrument har her vore i bruk: piano, citer, guitar, mandolin, klarinett, messinginstrument, positiv, trekkspel og orgel. Dei første messinginstrumenta kom til bygda i 1923. Dei første trekkspel rundt 1910. Klarinett og guitar har vore i bruk i lengre tid, serleg guitar. Det er ikkje lenge sidan første pianoet kom hit.

2. Det er berre bygdefolk som brukar desse instrumenta. Embetsmenn finst ikkje i Måndalen.

3. Desse instrumenta, serleg orgel og piano, førde med seg ny musikk til bygda. Men den gamle bygdemusikken har og vorte brukt.

Bolk C.

Av larmeinstrument og andre primitive instrument, har her ikkje vore mange.

1. Det mest kjende, no i seinare tid er kråkesmella.


Ho var på lag 30 cm lang. Handtaket nokoså nær halvparten av lengda. I andre enden var det fest som eit slag hjul av tre, eller det kunne vera dreia av same trestykket som handtaket var av. Rundt dette "hjulet" var det fest små trestykke på tvers, så det såg ut som eit tannhjul. Heile "tannhjulet" kunne og vera av same trestykket.

Enden av ei ca. 20 cm lang fjøl var fest til handtaket på kvar side av "tannhjulet" slik at ho kunne svingast rundt hjulet ved å slengast med handa. Til denne fjøla var det fest ei anna fjøl, på den måten at eine enden av den låg oppå "tennene" på tannhjulet. Ho låg hardt mot hjulet, som ei stålfjør. Når ein så svinga desse fjølene rundt, gleid den eine langsetter tannhjulet frå tann til tann. For kvar tann fjøla slepte, vart det ein kraftig smell, fordi fjøla fjøra seg. Svinga ein kråkesmella fort rundt, vart det ein dur som av ein flymotor.

Eit slikt "instrument" vart brukt til å skräma fugl or kornåkeren med - eller or frukttrea og bærbuskene.

#### Bolk D.

Om slike mellomalderske musikkinstrument som er nemnt i denne bolken, kan eg ikkje seia noko. Her er visst ingen som kan gje opplysninga om dei.



Prinsippet for kråkesmella.